



KVINNHERAD
K O M M U N E

Vatn og avløp

Vår ref.: 2024/2422-4

Dato: 12.03.2025

Til: Synneve Skei

Frå: Egil Eide

Notat gjeld: Kontroll av avløp på 154/91

Eg viser til telefonsamtale i dag.

Eigedomen 154/91 er kommunal abonnent på vatn og avløp. I tillegg er eigedomen slamabonnt hos SIM. Før me eventuelt kunne sletta eine abonnementet fann me ut at me ville prøva å kartlegga tilhøva på eigedomen:

- Det vart køyrt fargestoff i avløpet frå 154/130. Denne eigedomen er kommunal abonnent, medan 154/91 melder at dei er på felles slamavskiljar.
 - Me fann ikkje ut kvar avløpsvatnet går.
- Me har køyrt fargestoff frå 154/91 og han er kopla til slamavskiljaren. Men me fann ikkje ut kvar avrenninga frå slamavskiljaren vart av.
- Slamavskiljaren framstår som gamal og ikkje noko god stand.

Konklusjonen vart at me ikkje fekk klarheit i tilhøva. Vågar difor ikkje pålegga han å fjerna slamavskiljaren for at han berre skal ha kommunalt abonnement. Vår anbefaling er at tilhøva må kartleggjast meir, kanskje må røyrtrasse avdekkast. Vil tru at eit røyrleggjarfirma må engasjerast.